

KOPPANGBRUENE PÅ GAMLE KONGEVEG – KORT RAPPORT FRÅ RESTAURERINGSARBEID PÅ SØRE BRU OVER KJEMÅA I PERIODEN 02. – 19.10.23




Figur 1 Den søndre brua i mai 2023. Foto: Haakon Aase

I oktober 2023 vart det utført reparasjonsarbeid på den søre steinkvelvbrua over Kjemåa på Koppang i Stor-Elvdal. Arbeidet vart utført av Haakon Aase v/ Haakon Aase Tørrmuring med Johan Andersen, Hovin Tørrmuring, som underleverandør. Til dagleg assistanse og medverknad i prosjektet tok Halvor Bergville Andresen del.

Ved ei synfaringa i juni vart omfanget av skadar på kvelven til den nordre brua for fyrste gong dokumentert. Murar vart renska for vegetasjon og mose. Samstundes vart gjenfylte dreneringshol nedstraums grave fram. Til saman vart det fjerna om lag 60 m³ masse. Ved ei seinare synfaring vart det stadfesta at den nordre brua ikkje kunne setjast i stand, men at skadane kravde at brua måtte byggast opp på nytt.

Gjennomføring

Delar av tilførings- og overmurane vart demonterte. Massar vart fjerna ned til ein fast silt-lag og murane vart deretter refundamenterte med solide heller i botn og atterreiste. Eit parti i overmuren nedstraums i nordre ende vart demontert og mura opp att inn mot bergsida. Oppstraums kunne ein på tilførings- og overmuren no reisa eit parapet, ein varemur, ca. ein fot brei og to fot høg. Ut frå det ein kunne observera av dei sparsame restane av den gamle varemuren, hadde det vore tre dreneringsopningar i denne delen, og desse vart rekonstruerte. Nedstraums vart tilførings-/overmuren i all hovudsak tilbakeført. Varemuren vart påbegynt i ein del av den nordre enden der også eitt av dreneringshola vart laga, like eins vart eit dreneringshol påbegynt.



Figur 2 Illustrasjonen er henta frå Øvergaard sin plan for arbeidet frå 1829. De ulike delane av murverket er merkte med begrepa brukt i rapporten.



Figur 3 Etter demontering vart massar fjerna ned til ein lag av fast silt. Det fanst også restar av gamle fundamenteller og desse vart utnytta. (ein del var forvittra eller komne i ulage), Då vegkroppen innover var forsynt med ein god del steinfylling, vart dette rekna som fullnøyande masseutskifting. Foto: Haakon Aase

Ein deformasjon ved bruenden i sør

Det skal nemnast at det ved enden av bogen i søre delen oppstraums, der bogen møter eit vederlag i berg, har oppstått ei mindre setning, noko som ein også kan sjå på kvelven som ein moderat deformasjon. Trass i denne deformasjonen vert bogen rekna som intakt og i stand til å tena sin funksjon i brua, dvs. bera si eiga last og nyttelast som skal transporterast over brua. Både dette tilhøvet, alderen til brua og det faktum at heile brukonstruksjonen er dimensjonert for å bli trafikert med hest og kjerre, tilseier at ein skal gjera ei vurdering av kor tunge køyretøy som i framtida skal passera over brua og kor stort omfang ein slik trafikk kan og skal ha.



Figur 4 Pilene viser parti med skadar/manglar nedstraums. Demontering og oppattbygging var nødvendig. Foto: Haakon Aase

Tilfang

Vi har lagt vekt på å nytta opp alt materialet, både steinen som vart teken ned ved demonteringa og stein som er henta opp av elva. Ein del stein er gjennom tidene fjerna frå anlegget, mest sannsynleg for bruk til andre føremål. Såleis var det svært lite att av steinen i parapetet oppstraums og det mangla òg ein god del nedstraums, særleg hellene som vi tenkjer har lege på toppen. Det har såleis vore nødvendig å henta inn noko supplerande stein, det aller meste frå ein grunnmur frå ein nedlagd butikk ved Trea i Koppang. Det vil i det avsluttande arbeidet vera behov for noko meir stein, særleg heller til topplaget i parapetet. Som fyllstein er det også henta inn noko knust bergkult, 20 – 120 mm.



Figur 5 Parapetet (varemuren) oppstraums med dreneringshol ferdig bygd. Foto: Haakon Aase